

- KUNNGJERING –

Søknad om løyve til å byggje Steinsåna kraftverk i Steinsåna i Suldal kommune

Clemens Kraft AS Søkjer om løyve etter vassressurslova til å byggje Steinsåna kraftverk i Steinsåna. Småkraftverket vil gje ein årleg kraftproduksjon på 7,4 GWh (alternativt 6,5 GWh). Dette svarar til straumbruken til om lag 370 husstandar (alternativt 325 husstandar).

Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på Servicetorget i kommunehuset på Sand og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Clemens Kraft AS på e-post: post@clemenselvekraft.no. Fråsegn kan sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker, per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo innan **6.7.2015**.